

Ot.prp. nr. 32

(2003–2004)

Om lov om endring i straffelova (avgrensa rett til offentleg framsyning av grove valdsskildringar utanfor næring)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 23. januar 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Hovudinhaldet i proposisjonen

Justisdepartementet gjer i proposisjonen framlegg om ei endring av straffelova § 382, slik at «film, videogram eller lignende der det i underholdningsøyemed er gjort utilbørlig bruk av grove voldsskildringer», likevel lovleg kan synast fram offentleg på annan måte enn i fjernsynssending, såframt framsyninga ikkje skjer i næring. Bakgrunnen for lovforslaget er eit oppmodingsvedtak frå Stortinget. Framlegget vil i hovudsak føre rettstilstanden attende til slik han var mellom 1988 og 1998.

Framlegget inneber at informasjonsfridomen for personar over 18 år vert utvida. Føremålet med framlegget er å sikre at det er mogleg å føre ein fri debatt rundt bruken av valdsskildringar i film. Personar og miljø som er opptekne av film som medium og formidlar av kultur, vil få høve til å sjå og debattere valdsfilm som ein elles ikkje kan syna fram offentleg. Grove filmatiske valdsskildringar er tilgjengeleg for mange gjennom privat import, Internett, satellittkanalar m.v. Eksistensen av slike privat tilgjengelege valdsskildringar er i seg sjølv eit argument for at samfunnet treng fora for å debattere bruk av vald i film. Departementet vil understreke at det er tale om eit svært avgrensa unntak, som berre gjeld for personar som er 18 år eller eldre. Mindreårige vil ikkje som følge av framlegget få auka tilgang til medievald. Framlegget er òg slik

formulert at det heller ikkje ligg føre auka risiko for at mindreårige lettare får slik tilgang.

Etter framlegget vil unntaket gje høve til offentleg framsyning av film og videogram når fire kumulative vilkår er oppfylte:

1. Framsyninga må ikkje skje i næring.
2. Personar under 18 år må ikkje vere til stades under framsyninga.
3. Framsyninga kan berre finne stad i lokalar der den ansvarlege kan kontrollere at ingen under 18 år er til stades.
4. Det må før framsyning vere sendt melding til politiet i det aktuelle distriktet med opplysnin- gar om kva for lokale som skal brukast, tids- punktet for framsyninga og namn på den perso- nen – eller dei personane – over 18 år som er an- svarleg for framsyninga.

Dersom disse fire vilkåra er oppfylte, vil det etter framlegget ikkje vere grenser for kva slags valdsskildringar som kan synast fram offentleg. Dette er i samsvar med det som allereie gjeld med omsyn til privat filmframsyning.

Departementet gjer framlegg om at unntaket skal omfatte alle ikkje-kommersielle offentlege framsyningar, medrekna framsyningar som ledd i undervisning, på politiske debattmøte, i filmklubar med ideelle formål m.v.

Lovframlegget gjeld berre film og videogram.

Om lov om endring i straffelova (avgrensa rett til offentleg framsyning av grove valdsskildringar utanfor næring)

Dette inneber at forbodet vert ståande t.d. med omsyn til offentleg framsyning av dataspel der ein med sikt på underhaldning har gått for langt når det gjeld bruk av valdsskildringar.

Departementet gjer framlegg om at unntaket skal gjelde valdsfilmar generelt og ikkje berre filmar som Statens filmtilsyn har nekta å godkjenne for offentleg framsyning.

Framlegget rører ikkje ved forbodet i straffelova § 204 første ledd bokstav e mot offentleg framsyning av filmar med pornografisk innhald, som gjeld utan omsyn til om framsyninga skjer i næring eller ikkje. Framlegget inneber difor ikkje ein utvida rett til framsyning avpornografiske biletskildringar.

Departementet har vurdert om det i tillegg burde vere eit unntak frå straffeansvaret i straffelova § 382 første ledd for omsetting av film og videogram til bruk for slike framsyningar som ein no vil legalisere, men gjer ikkje framlegg om dette i proposisjonen.

2 Bakgrunnen for lovframlegget

2.1 Historikk

Forbod mot omsetting m.v. av film og videogram der det med sikt på underhaldning er gjort utilbørlig bruk av grove valdsskildringar og mot bruk av slike valdsskildringar i fjernsynssendingar, vart første gong teke inni straffelova § 382 ved lov 11. juni 1982 nr. 50. Anna offentleg framsyning av film med slikt innhald var ikkje omfatta slik føresegna lydde då ho vart vedteke i 1982. I førearbeida til lova, jf. Ot.prp. nr. 54 (1981–82) side 11 og 38, er det i samband med dette vist til at det etter den då gjeldande kinolova (lov 25. juli 1913 nr. 4) gjaldt eit krav om førehandskontroll ved all offentleg framsyning av film.

Kinolova av 1913 vart avløyst av lov 15. mai 1987 nr. 21 om film og videogram (filmloven). Etter filmlova § 4, jf. § 1, gjeld kravet om førehandskontroll berre for filmar som skal synast fram i næring. Frå den nye filmlova tredde i kraft 1. januar 1988 og fram til straffelova § 382 fekk sitt noverande innhald ved lov 28. mai 1998 nr. 33, gjaldt det difor ikkje nokon grense for kva slags valdsskildringar ein kunne syne fram offentleg, så lenge framsyninga ikkje skjedde i næring.

I samband med endringa i straffelova § 382 i 1998 sa kulturkomiteen i Stortinget m.a. (Innst. O. nr. 40 (1997–98) side 3):

«Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Kristelig Folkeparti og Senterpartiet, vil understreke at filmklubber, som ikke viser filmer i

næring, må unntas fra denne bestemmelsen. Det forutsettes at departementet tar hensyn til dette ved utforming av forskriftene. Filmklubbvirksomhet, slik den i dag drives av Norsk filmklubbforbunds medlemsklubber, er etter disse medlemmers oppfatning ikke av næringsmessig karakter. Det presiseres at bakgrunnen for dette unntaket er at filmklubber driver en kunst- og kulturvirksomhet og er uavhengige kritikk- og debattforum.»

Av Ot.prp. nr. 55 (1998–99) side 9 går det fram at Kulturdepartementet ikkje fann det mogleg å følgje opp merknadene frå komiteen, fordi det ikkje var heimel for slike forskrifter med unntak frå lova. Kulturdepartementet ville heller ikkje tilrå at lova vart endra slik at det vart teke inn eit særleg unntak frå forbodet for framsyningar i filmklubar. Kulturdepartementet viste til at det ikkje ville vere mogleg å utforme ein slik unntaksregel på ein teknisk tilfredsstillande måte. Departementet peika vidare på at det av prinsipielle grunnar ikkje var aktuelt å utforme ein unntaksregel som berre omfatta medlemsklubane i Norsk filmklubbforbund.

Ved den påfølgjande handsaminga i Stortinget heldt fleirtalet i kulturkomiteen fast ved det som vart sagt i Innst. O. nr. 40 (1997–98) side 3, og sette fram slikt framlegg til oppmodingsvedtak (Innst. O. nr. 14 (1999–2000) side 8):

«Stortinget pålegger Regjeringen å utarbeide forslag til regler for visning av filmer som omfattes av straffelova § 382, slik at disse kan fremføres som et åndsverk når dette ikke skjer i næring.»

Framlegget til oppmodingsvedtak vart vedteke av Stortinget som vedtak nr. 106 13. desember 1999.

2.2 Høyring

Departementet sende 29. januar 2001 eit framlegg til endring i straffelova § 382 på høyring til følgjande instansar:

Departementa

Høyesterett

Lagmannsrettene

Riksadvokaten

Statsadvokatane

ØKOKRIM

Regjeringsadvokaten

Alternativ til vold

Art House

Allmennkringkastingsrådet

Barneombodet

Den Norske Advokatforeining

Den norske Domarforeining

Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen
 Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo
 Fellesaksjonen mot pornografi og prostitusjon
 Forbrukarombodet
 Hammerfest kommune
 Handels- og Servicenæringerens hovedorganisasjon
 Institutt for kunst- og medievitskap, NTNU
 Institutt for medier og kommunikasjon, Universitet i Oslo
 Institutt for medievitskap, Universitetet i Bergen
 Institutt for rettsvitenskap, Universitetet i Tromsø
 International Video Federation
 Kommunale kinematografers landsforbund
 Kommunenes filmcentral A/S
 Kommunanes sentralforbund
 Konkurransetilsynet
 Krisesentersekretariatet
 Kristeleg kringkastingslag
 Kvinne og familieforbundet
 Likestillingssenteret
 LO
 Landsrådet for norske ungdomsorganisasjoner
 Lærarforbundet
 Mental barnehjelp
 NHO
 Nordisk forum for barn og medier
 Noregs ungdomslag
 Norges dagligvarehandels forbund
 Norges Juristforbund
 Noregs kunstnarråd
 Norsk filmforbund
 Norsk filmindustri
 Norsk filmklubbforbund
 Norsk filmkritikkarlag
 Norsk journalistlag
 Norsk kino- og filmforbund
 Norsk kinoforbund
 Norsk kulturråd
 Norsk lærarlag
 Norsk medieforskarlag
 Norsk Redaktørforening
 Norsk videogramforening
 Norske filmbyråers forening
 Norske Fjernsynsselskapers Landsforbund
 Norske Film- og Videoprodusenters Forening,
 Norsk Film AS
 Norske kvinners sanitetsforening
 Norske kinosjefers forbund
 Norske Videogramhandleres Forbund
 Norske videoutleieres forbund
 NRK
 Oslo kommune
 Redd Barna
 Sametinget
 Samisk utdanningsråd

Skolenes landsforbund
 Statens filmtilsyn
 Statenes medieforvaltning
 Statens studiesenter for film
 Straffelovkommisjonen
 Straffelovrådet
 Telenor
 TV2
 TVNorge

Høyingsfristen var 2. mai 2001. Følgjande instansar har kome med høringsfråsegn:
 Oslo statsadvokatembete
 Regjeringsadvokaten
 Riksadvokaten
 Allmennkringkastingsrådet
 Hammerfest kommune
 Institutt for kunst og medievitskap, NTNU
 Kommunale kinematografers landsforbund
 Kommunenes filmcentral A/S
 Kristeleg kringkastingslag
 Norsk filmklubbforbund
 Norsk medieforskarlag
 Norske filmbyråers forening
 Norske videohandleres forbund og Norsk videogramforening (Videobransjens felleskontor)
 Oslo kommune
 Statens filmtilsyn

Følgjande instansar uttalte at dei ikkje hadde merknader:
 Arbeids- og administrasjonsdepartementet
 Barne- og familidepartementet
 Fiskeridepartementet
 Forsvarsdepartementet
 Helse- og sosialdepartementet
 Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet
 Kommunal- og regionaldepartementet
 Landbruksdepartementet
 Miljøverndepartementet
 Nærings- og handelsdepartementet
 Samferdselsdepartementet
 Utanriksdepartementet
 Högsterett
 Borgarting lagmannsrett
 Barneombodet
 Forbrukarombodet
 Den Norske Advokatforening
 Kommunanes sentralforbund
 Noregs kunstnarråd
 Statens medieforvaltning

Eit fleirtal av instansane som har uttalt seg i saka, står hovudpunktet i lovframleggget. Høyingsfråsegene vert handsama nærare i punkt 3.3.

Om lov om endring i straffelova (avgrensa rett til offentleg framsyning av grove valdsskildringar utanfor næring)

3 Unntak frå straffeansvaret for offentleg framsyning av grove valdsskildringar

3.1 Gjeldande rett

Straffelova § 382 lyder i dag slik:

«§ 382. Med bøter eller med fengsel inntil 6 måneder eller med begge deler straffes den som utgir eller frambyr til salg eller leie eller på annen måte søker å utbre film, videogram eller lignende der det i underholdningsøyemed er gjort utilbørlig bruk av grove voldsskildringer.

Det samme gjelder den som gjør slik bruk av grove voldsskildringer ved offentlig framvisning, herunder i fjernsynssending eller i formidling av slik sending her i riket. Straffansvaret omfatter likevel ikke den som bare har deltatt i den tekniske virksomhet i tilknytning til sendingen eller formidlingen.

Medvirkning straffes på samme måte. Uakt somhet straffes likt med forsett.

Paragrafen gjelder ikke for film og videogram som Statens filmtilsyn ved forhåndskontroll har godkjent til framvisning eller omsetning i næring.»

Føresegna råkar all offentleg framsyning av film, videogram eller liknande der det med sikt på underhaldning er gjort utilbørleg bruk av grove voldsskildringar, utan omsyn til om framsyninga skjer i næring eller ikkje. Det er ikkje berre valdsskildringar i film og videogram som er omfatta av føresegna. Også slike skildringar i liknande medium, til dømes i dataspel, er omfatta.

Straffelova § 382 fjerde ledd gjer unntak for framsyning eller omsetting i næring dersom Statens filmtilsyn ved førehåndskontroll har godkjent filmen, jf. filmlova § 4, jf. § 1. Etter filmlova § 4 andre ledd skal ikkje Statens filmtilsyn godkjenne for framsyning i næring bilete som tilsynet meiner strir mot straffelova § 382.

For privat framsyning gjeld det ingen grenser med omsyn til kva slags voldsskildringar som er tillate. Etter straffelova § 382 første ledd er det forbode å gje ut eller by fram for sal eller utleige eller på annan måte søkje å spreie film, videogram eller liknande der det med sikt på underhaldning er gjort utilbørleg bruk av grove voldsskildringar. Dette inneber at slike filmar i første rekke vert tilgjengelege for privat framsyning gjennom privat import, Internett, satellittkanalar m.v. Desse formene for utbreiing vert berre råka av straffelova § 382 når distributøren er underlagt norsk jurisdiksjon.

3.2 Framlegget i høyringsbrevet

I høyringsframlegget gjekk departementet inn for eit tillegg i straffelova § 382 som gjorde det klårt at straffeansvaret ikkje omfatta offentleg framsyning av film og videogram dersom tre kumulative vilkår var oppfylt. Departementet uttalte i høyringsnotatet (side 3–5):

«Departementet mener Stortingets anmodningsvedtak best kan etterkommes ved en tilføylelse i straffeloven § 382 om at straffeansvaret ikke omfatter offentlig fremvisning av film og videogram dersom følgende tre kumulative vilkår er oppfylt:

1. Visningen skjer ikke i næring,
2. filmen eller videogrammet blir ikke vist til noen under 18 år, og
3. visningen skjer i lokaler der den ansvarlige kan kontrollere at ingen under 18 år er til stede.

Kriteriet «i næring» skal forstås på samme måte som det tilsvarende kriteriet i film- og videogramloven, jf. blant annet film- og videogramloven §§ 1 og 4.

Fremvisning i næring foreligger når virksomheten som står bak fremvisningen har et økonomisk formål. I denne sammenheng er det ikke avgjørende om virksomheten går med overskudd eller ikke. Fremvisninger behøver heller ikke å være et vesentlig moment ved virksomheten; det er tilstrekkelig at fremvisningen skjer i forbindelse med næringsvirksomhet.

Vanlig kinofremvisning i regi av kommunale eller private kinematografer må anses som næringsvirksomhet, og vil således ikke omfattes av unntaket. Det samme vil vanligvis gjelde fremvisninger i forretninger, restauranter, puber og barer mv. Fremvisning i undervisningssammenheng, på politiske møter og lignende vil derimot omfattes av unntaket. Også fremvisninger i regi av filmklubber faller innunder unntaket såfremt klubben drives ut fra ideelle formål.

Det er viktig å merke seg at unntaket bare gjelder film- og videogram. De hensyn som taler for unntaksregelen, synes ikke å gjøre seg gjeldende for visuelle voldsskildringar i andre medier. Det innebærer at f.eks. dataspill ikke er omfattet av unntaket. Forbudene mot bl.a. utgivelse, salg, utleie og offentlig fremvisning av dataspill mv. der det i underholdningsøyemed er gjort utilbørlig bruk av grove voldsskildringar, vil bestå urørt.

Det andre vilkåret – at slike filmer bare kan vises til personer over 18 år – er påkrevet for å beholde en sammenheng i regelverket, jf. de aldersgrenser Statens filmtilsyn skal fastsette i medhold av film- og videogramloven. Det er

Om lov om endring i straffelova (avgrensa rett til offentleg framsyning av grove voldsskildringar utanfor næring)

dessuten vanskelig å se at de hensyn som begrunner unntaket, jf. under i punkt 3.3, strekker seg til visning av grov underholdningsvold til mindreårige. Det kan her også vises til Ytringsfrihetskommisjonens innstilling (NOU 1999: 27 s. 161) der det uttales «at det skal foreligge meget gode grunner for å nekte voksne over 18 år ... tilgang til ytringer. Slike prinsipielle betraktninger gjør seg i langt mindre grad gjeldende overfor et umyndig publikum – den konsumentgruppen som også antas å være mest utsatt for skadelig påvirkning».

Av det tredje vilkåret følger at f.eks. kringkastingssendinger ikke vil være omfattet av unntaket, fordi den ansvarlige kringkaster ikke kan kontrollere hvem som får se filmen der kringkastingssignalene mottas. Unntaket vil heller ikke omfatte «visning» på internett, f.eks. ved at noen legger ut slike filmer på en hjemmeside for fri benyttelse. Den ansvarlige har da like liten mulighet som en kringkaster til å kontrollere hvem som er i lokalet der filmen blir sett. Heller ikke annen elektronisk distribusjon fra den ansvarlige for visningen til seerne vil i være mulig. Dette stiller seg imidlertid annerledes dersom den aktuelle filmen distribueres elektronisk til den som er ansvarlig for selve visningen i et lokale der man kan kontrollere hvem som får adgang, jf. den distribusjonen som finner sted ved digitale kinoer.

Det tredje vilkåret, som i praksis vil føre til at visningene foregår i et lokale med flere personer til stede samtidig og med noen som er ansvarlig for visningen, vil bidra til at visningene oppfyller sin funksjon som grunnlag for kritikk og debatt

Departementets forslaget innebærer at det for film- og videogramfremvisninger som omfattes av unntaksbestemmelsen, ikke vil gjelde noen grenser for hvilke voldsskildringer som lovlig kan vises. I filmklubber etc. vil man altså etter en eventuell lovendring kunne vise filmer for personer over 18 år der man i underholdningsøyemed gjør utilbørlig bruk av grove voldsskildringer. Dette tilsvarer det som allerede gjelder med hensyn til privat fremvisning.

Det må også understrekkes at forslaget ikke berører pornografilovgivningen. Offentlig fremvisning av filmer og videogram med pornografisk innhold rammes av straffeloven § 204 første ledd bokstav e, uavhengig av om fremvisningen skjer i næring eller ikke, og det foreslås ingen endringer på dette området. Det særlige unntaket for filmklubber etc. som her foreslås vil derfor bare gi større rett til visning av grov vold, ikke større rett til visning av pornografi.»

I tillegg til å opne opp for offentleg framsyning når dei tre kumulative vilkåra er oppfylt, fremja departementet i høyingsbrevet forslag om legalisering

av sal, utleie og distribusjon av film og videogram for slik visning. Departementet uttalte i høyingsbrevet (side 5):

«Uten en slik regel vil filmklubber etc. kunne få problemer med å skaffe seg de aktuelle filmene fra norske distributører og importører, fordi utleie etc. fra deres side vil rammes av § 382 første ledd. De som er interessert i slike filmer kan alternativt importere disse selv, men det vil i de fleste tilfeller bli langt dyrere og for mange ideelle foreninger derfor umulig.»

Dei to framlegga var i høyingsbrevet grunngjeve slik (side 5 og 6):

«Forslaget vil innebære en utvidelse av informasjonsfriheten for personer over 18 år. Personer som er opptatt av film som kunstform og uttrykksform – herunder de grove voldsskildringer som finnes – vil dessuten få en mulighet til å se de aktuelle filmene sammen med andre, og dermed få et bedre grunnlag for å utøve kritikk og holde faglige debatter. Selv om Statens filmtilsyn svært sjeldent totalforbyr filmer for visning i næring på grunn av voldsskildringer, synes det å være et behov for en ordning som gjør det mulig å vise de få filmene som ikke slipper gjennom. Uten en slik mulighet kan det være vanskelig å få en realistisk debatt om filmtilsynets myndighetsutøvelse, ut fra antakelsen om at man vanskelig kan diskutere berettigelsen av å forby filmer man ikke har sett.

Det er videre et faktum at grove filmatiske voldsskildringer er tilgjengelig for mange, gjennom privat import, internett, satellittkanaler mv, alt sammen utbredelsesmåter som ikke rammes av straffeloven § 382 når distributøren ikke er underlagt norsk jurisdiksjon. Eksistensen av slike privat tilgjengelige voldsskildringer er i seg selv et argument for at man trenger fora for å debattere filmvold, og at disse best kan etableres om man innenfor snevre rammer gir noen anledning til offentlig visning av de aktuelle voldsfilmene.

Ved det klare kravet om at visningen ikke kan skje i næring, sikrer man seg mot at visning av grov underholdningsvold blir økonomisk motivert. Det kan ikke utelukkes at enkelte filmklubber kan komme til å se en medlems gevinst i å sette opp mange ellers forbudte voldsfilm. Skulle dette vise seg å bli et problem i praksis, gjennom at hovedregelen i § 382 undergraves, får man eventuelt vurdere det unntaket som nå foreslås på nytt.

Et argument mot departementets forslag – og dermed også Stortingets anmodningsvedtak – kan være at forslaget bidrar til å opprettholde og forsterke det gamle skillet mellom «kunsten for de få» og «kunsten for de mange», jf.

Om lov om endring i straffelova (avgrensa rett til offentleg framsyning av grove voldsskildringar utanfor næring)

Ytringsfrihetskommisjonens merknader om dette i NOU 1999: 27 s. 62. Det kan anføres at realiteten i forslaget er at en liten intellektuell elite vil få ubegrenset adgang til å se voldsfilm – under dekke av at de evner å holde en kritisk distanse – mens det jevne kinopublikum fortsatt nektes tilgang til slike skildringer, ut fra den anstakelse at de mangler elitens kritiske sans.»

3.3 Høyningsinstansane sitt syn

Høyningsinstansane er delte i synet på framlegget i høyningsbrevet.

Et fleirtal av instansane står i det vesentlege framlegget. Dette gjeld *Regjeringsadvokaten*, *Allmennkringkastingsrådet*, *Institutt for kunst- og medievitskap*, *NTNU*, *Kommunale kinematografers landsforbund*, *Kommunenes filmcentral A/S*, *Norsk filmklubbforbund*, *Norsk medieforskarlag*, *Norske filmbyråers forening* og *Statens filmtilsyn*.

Fleire av desse viser til grunngjevinga i høyningsbrevet om at ei slik lovendring vil utvide informasjonsfridomen. *Institutt for kunst- og medievitskap*, *NTNU*, seier til dømes:

«Vi imøteser en slik utvidelse av informasjonsfriheten også for bildemediene og vil særlig legge vekt på verdien av slike visninger i regi av klubbene i Norsk Filmklubbforbund. Endringen er dessuten i tråd med Ytringsfrihetskommisjonens innstilling og Kulturkomiteens flertall.»

Fleire av dei instansane som står framlegget, reiser spørsmål om ikkje unntaket bør vere meir omfattande. Det vert m.a. peika på at utvida informasjonsfridom også bør gjelde framstillingar av seksualitet. Det vert òg stilt spørsmål ved om det er føremålstreng å halde dataspel og videofspel utanfor lovendringa.

Norsk filmklubbforbund peiker på at mange av medlemmane deira er ungdom frå 15 år og oppover, og at ein difor ynskjer ei lågare aldersgrense enn 18 år.

Vidare er fleire av dei høyningsinstansane som står lovframlegget, opptekne av å tilbakevise synspunktet i høyningsnotatet om at framlegget kan vere med på å forsterke det skiljet som finst mellom kunsten for dei få og kunsten for dei mange. *Kommunale kinematografers landsforbund* uttaler t.d.:

«Når det gjelder det argument mot forslaget som departementet selv anfører i høyningsnotatet om at forslaget kan bidra til å opprettholde og forsterke det gamle skillet mellom «kunsten for de få» og «kunsten for de mange», anser vi ikke dette som særlig reelt i og med at medlemskap i filmklubber er åpent for alle. Det skille

som eventuelt vil kunne sies å forsterkes går heller på forskjell mellom urbane strøk med eksisterende filmklubbtibud og landet for øvrig uten et slikt tilbud. Men vi vurderer heller ikke dette argumentet som betydningsfullt i forhold til forslaget.»

Statens filmtilsyn er einaste høyningsinstans blant dei som i hovudsak står framlegget, som samtidig eksplisitt går imot den delen av framlegget som gjeld utvida rett til å distribuere film for slik framsyning. *Statens filmtilsyn* uttaler:

«Et slikt system kan ha en uheldige konsekvens: nemlig at man får et helt legit markert for omsetning (hovedsakelig salg) av videoer med ekstreme, forbudte voldsskildringer som ellers er forbudt å omsette eller vise til publikum; film som bl.a. ikke er – eller ville blitt – godkjent av Statens filmtilsyn etter filmloven: En videohandler i Norge som for eksempel selv driver import av VHS/DVD og selger disse på postordre via Internett, vil helt lovlige kunne selge umerket og ellers forbudt film til privatmarkedet, under forutsetning av at dette kun er beregnet på offentlig visning. Det stilles i loven (eller høyningsnotatet) ingen krav til kjøper eller selger av slike filmer, for eksempel at de kun skal omsettes til filmklubber eller ikke kan omsettes til privatkunder.»

Eit mindretal av høyningsinstansane går imot framlegget i høyningsbrevet. Dette gjeld *Riksadvokaten*, *Oslo statsadvokatembete*, *Hammerfest kommune*, *Kristeleg kringkastingskontor*, *Oslo kommune* og *Videobransjens felleskontor*. Fleire av desse viser til at voldsskildringar i biletmedia kan ha ei uheldig signal- og påverkingseffekt. *Oslo kommune* uttaler t.d.:

«Fremveksten av de ekstreme voldsmiljøene i Oslo kommune og landet for øvrig er voksende og representerer et stort og økende problem i samfunnet. En liberalisering av lovgivningen vil gi en uheldig signaleffekt i forhold til aksept av vold i underholdningsøyemed.»

Nokre av dei høyningsinstansane som går imot framlegget, har òg kritiske merknader til sjølve utforminga av unntaket. Desse knyter seg dels til at unntaket er for vidtgående og dels til at vilkåra som er oppstilt, vil vere vanskelege å handheve. *Oslo statsadvokatembete*, med støtte frå *Riksadvokaten*, uttaler t.d.:

«I forslaget til ny straffelov § 382 annet ledd b foreslår departementet at det gjøres unntak fra straffansvar for offentlig fremvisning av enhver film eller videogram som i underholdningsøyemed gjør utilbørlig bruk av grove voldsskildrin-

ger. Etter vår mening er unntaket altfor omfattende. Unntaket bør begrenses til filmer som er forelagt Statens filmtilsyn for kontroll. Utilbørlig grove voldsunderholdningsfilmer som ikke fremmes for kontroll har som hovedregel lite med kunst og kultur å gjøre.»

Oslo statsadvokatembete, med støtte fra *Riksadvokaten*, er også negativ til at framlegget ikkje er avgrensa til berre å gjelde filmklubbar:

«Vi kan ikke se at en unntaksregel som tillater fremvisning begrenset til filmklubber er uheldig av prinsipielle grunner. Vi antar at enhver med særlig interesse for film eller videogrammer fritt kan melde seg inn i en eller flere slike klubber. Unntaket vil derfor ikke være diskriminerende. Et slikt unntak vil dessuten føre til langt bedre kontroll med hvem som får se filme ne.»

Om uroa for at det kan bli vanskeleg å føre effektiv kontroll med at unntaket ikkje vert misbrukt, seier *Videobransjens felleskontor* m.a.:

«Vi vil også understreke at det er viktig at det ikke skjer utglidninger i forhold til dette med aldersgrensen. Videobransjen har i flere år vært bevisst på og har brukt store ressurser på å rydde opp i markedet for å unngå at barn og ungdom skal få tilgang til bildemateriale som kan være skadelig for dem.»

Med omsyn til den delen av framlegget som gjeld utvida rett til distribusjon av film med grove valdsskildringar, gjer *Oslo statsadvokatembete*, med støtte fra *Riksadvokaten*, gjeldande at dette vil føre til auka risiko for at barn og unge under 18 år får tilgang til slik voldsfilm:

«Vårt viktigste argument mot endringsforslaget er likevel at det må anses umulig å kontrollere at barn og unge under 18 år ikke får adgang til slike filmer eller videogrammer. Når filmene/videogrammene fritt kan selges, leies ut eller på annen måte distribueres, kan de ikke beslaglegges hos forhandler som tjener penger på virksomheten. De kan heller ikke beslaglegges hos kjøper/leier som hevder å ha anskaffet dem for lovlig fremvisning. Det leder til at voldsfilmer kommer i omløp. Det sier seg selv at det da vil være umulig å kontrollere hvem som får se dem privat eller i grupper, herunder om de blir sett av barn eller unge under 18 år. Straffebestemmelser med ukontrollerbare unntaksregler er generelt sett svært uheldig. I dette tilfellet dreier det seg om ukontrollerbare unntaksregler som vil kunne lede til fri flyt av utilbørlig grove voldsfilmer og videogrammer. Det synes vi det er all grunn til å advare mot.»

Fleire av dei andre høringsinstansane som går imot framlegget, peiker også på at det vil bli van-

skeleg å kontrollere at distribusjonen finn stad innafor lovas rammer.

3.4 Departementet si vurdering

Departementet held fast ved framlegget i høringsnotatet om å gjere unntak frå straffeansvaret i straffelova § 382 for offentleg framsyning av elles ulovleg voldsfilm utanfor næring, når nærmere fastsette vilkår er oppfylt. Unntaket legg til rette for at bruken av valdsskildringar i film i større grad enn tidlegare kan bli emne for debatt i uavhengige kritikk- og debattfora. Lovframlegget inneber på det viset ei utviding av informasjonsfridomen til personar over 18 år. Unntaket vil ha eit svært avgrensa nedslagsfelt, og departementet kan difor ikkje sjå at det har ei uheldig signaleffekt. Ei meir omfattande grunngjeving for framlegget finst i høringsbrevet, sjå punkt 3.2.

For å kome enkelte innvendingar framsett i høringsrunden i møte, vil departementet foreslå at unntaket vert gjort avhengig av at det er sendt melding til det lokale politiet. Dette inneber at unntaket frå forbodet mot offentleg framsyning berre vil gjelde der desse fire kumulative vilkåra er oppfylte:

1. Framsyninga må ikkje skje i næring.
2. Personar under 18 år må ikkje vere til stades under framsyninga.
3. Framsyninga kan berre finne stad i lokalar der den ansvarlege kan kontrollere at ingen under 18 år er til stades.
4. Det må før framsyning vere sendt melding til det lokale politiet.

Ei slik melding skal innehalde informasjon om kor og når framsyninga vil finne stad og om kven (ein eller fleire) som står ansvarleg for framsyninga.

Det er etter departementet sitt syn ynskjeleg at føresegna vert slik utforma at styresmaktene får kunnskap om det faktiske omfanget av framsyningar med heimel i unntaket, og at politiet får ein reell sjanse til å undersøke om framsyningane skjer på lovleg måte. Det vil ein oppnå med eit vilkår om at det før framsyning skal sendast melding til politiet.

Departementet vil framheve at meldinga ikkje inneber at det vert gitt eller skal gjevest nokon førehandsgodkjenning frå politiet si side (løyve). Tilsynet med at vilkåra i straffelova § 382 vert respektert vil skje ved etterfølgjande kontrollar og stikkprøver. Dette er likt med ordninga for omsetting av videogram. Her finst ei liknande registreringsordning, og kontrollen med at vilkåra i filmlova vert holdne, skjer i etterkant.

Det er mogleg å tenkje seg at ei slik rein meldingsordning som tilrådd her, kan administrerast

Om lov om endring i straffelova (avgrensa rett til offentleg framsyning av grove valdsskildringar utanfor næring)

av Statens filmtilsyn. Mot dette kjem at Statens filmtilsyn ikkje er innretta med siktet på gransking eller kontroll ute i felten. Departementet har difor kome til at det er mest føremålstenleg at meldinga går til det lokale politiet, også fordi det vil vere politiet som eventuelt må gjennomføre den etterfølgjande kontrollen med at framsyninga fann stad i samsvar med vilkåra i unntaket.

Når det gjeld det nærmare innhaldet i dei tre andre kumulative vilkåra i framleggset, viser departementet til det som vart sagt i høringsbrevet, sjá punkt 3.2.

Departementet held fast ved at unntaket skal omfatte alle ikkje-kommersielle offentlege framsyningar, medrekna framsyningar som ledd i undervisning, på politiske debattmøte, i filmklubar med ideelle formål m.v. Departementet meiner det er prinsipielt vanskeleg å innføre eit unntak som berre skal gjelde for ei gruppe, i dette høve Norsk filmklubb forbund. Også andre enn medlemmar av filmklubar bør kunne arrangere offentleg framsyning av voldsfilm der dette er naturleg som ledd i ein film- og samfunnsdebatt. Ein kan her t.d. tenkje seg at det kjem opp ein offentleg debatt om ein film som er tilgjengeleg på Internett. Då må lovendringa vere utforma slik at også politiske parti, foreldreforeiningar m.m. kan invitere til debattmøte om valdsskildringane, og i samband med dette kunne syna filmen eller dei aktuelle voldsscenenene.

Departementet held også fast ved at unntaket skal gjelde voldsfilmar generelt og ikkje berre filmar som Statens filmtilsyn har nekta å godkjenne for offentleg framsyning. Statens filmtilsyn får seg svært sjeldan førelagt filmar som vert totalforbodne på grunn av ulovlege valdsskildringar. Førehandskontrollen etter filmlova gjeld dessutan berre for film som skal synast fram i næring, og filmklubar og andre filminteresserte kan ikkje sende inn filmar for førehandskontroll. Dermed vil dei òg ha svært avgrensa høve til sjølve å påverke kva slags filmar som kan synast fram med heimel i unntaket.

I høringsnotatet vart det presisert at framleggset berre skal gjelder valdsskildringar (straffelova § 382), og at det ikkje rører ved forbodet i straffelova § 204 første ledd bokstav e mot offentleg framsyning av film med pornografisk innhald. Forbodet i straffelova § 204 gjeld uavhengig av om framsyninga skjer som ledd i næring eller ikkje. Heller ikkje på dette punktet har departementet gjort endringar med omsyn til framleggset i høringsbrevet. Oppmodingsvedtaket i Stortinget gjeld berre straffelova § 382. Straffelova § 204 første ledd bokstav e fekk si noverande utforming ved lov 11. august 2000 nr. 76. Føresegna er dermed vurdert av Stortinget for kort tid sidan og i tid etter at oppmodingsvedtaket vart

fatta. På bakgrunn av dette har ikkje departementet i denne proposisjonen funne grunn til å gjere framlegg om endringar som kan redusere omfanget av forbodet i straffelova § 204 første ledd bokstav e.

Departementet er framleis av den oppfatning at unntaket berre skal gjelde film og videogram. Dette inneber at forbodet i straffelova § 382 mot offentleg framsyning av dataspel m.m. der ein med siktet på underhaldning har gjort utilbørleg bruk av grove valdsskildringar, vil gjelde som tidlegare. Dei omsyn som taler for det unntaket som det blir gjort framlegg om her, gjer seg ikkje like sterkt gjeldande for visuelle valdsskildringar i andre media enn film. Oppmodingsvedtaket omfatta dessutan ikkje dataspel m.v.

På eit sentralt punkt er det avvik mellom framleggset i proposisjonen her og det som vart lagt fram i høringsbrevet. Departementet går bort frå den delen av framleggset som gjaldt utvida rett til sal, utleige og distribusjon av film og videogram med siktet på slik framsyning som er omfatta av unntaket. I høringsbrevet vart denne delen av framleggset grunngjeve med at filmklubbane m.m. utan ein slik regel ville få problem med å skaffe seg dei aktuelle filmane frå norske distributørar og importørar, fordi utleige m.m. frå deira side ville bli råka av straffelova § 382 første ledd.

Fleire av høringsinstansane har gått sterkt imot framleggset på dette punktet. Kort kan innvendingane oppsummerast: Om ein opnar ein legal marknad for distribusjon av slik film til særlege grupper, vil det vere stor fare for at det også vil finne stad distribusjon av same type film til privatmarknaden. For distributørane vil det vere svært vanskeleg å kontrollere at filmane som vert omsett, berre vert nytta innafor rammene for unntaket. Det vil vidare vere svært vanskeleg for kontrollørane å føre tilsyn med at distributørane held seg innafor lova, og ikkje i tillegg distribuerer filmane til privatmarknaden.

Departementet finn desse innvendingane tunge og avgjerande.

Statens filmtilsyn gjer framlegg om ei løysing der det berre vert opna for utleige, og ikkje for sal, til bruk for slike framsyningar. *Oslo statsadvokatembeter* har tankar om ei føresegn der filmklubbane berre kan syna filmar «etter tidsbegrenset utlån fra og på de vilkår som fastsettes av Statens filmkontroll, herunder ... at filmene ikke kopieres eller på annen måte gjøres tilgjengelig for andre.»

Departementet kan ikkje heilt sjå at kontrollproblema vert særleg mindre sjølv om retten til distribusjon vert avgrensa til berre å gjelde utleige. Denne løysinga er difor neppe eit reelt alternativ. Framleggset frå statsadvokatane i Oslo vil medføre at Sta-

tens filmtilsyn får til oppgåve å distribuere film til bruk for denne typen framsyningars. Filmtilsynet er i dag eit offentleg kontrollorgan som ikkje har slike distribusjonsoppgåver. Departementet ser det som uaktuelt å legge slike oppgåver til tilsynet, og ser derfor heller ikkje dette framlegget som aktuelt.

Departementet ser ikkje nokon god løysing på problemet og har blitt ståande ved at det ikkje bør opnast opp for sal, utleige m.v. av filmar til bruk for framsyning under unntaket. Straffeansvaret i straffelova § 382 første ledd vil halde fram som tidligare. Dette inneber at ein går attende til rettstilstanden frå perioden 1988 til 1998. Då var det ingen grenser for kva slags valdsskildringar ein kunne syne fram offentleg, så lenge framsyninga ikkje skjedde i næring. Samstundes gjaldt forbodet i straffelova § 382 mot omsetting av filmar der ein med sikte på underhaldning gjorde utilbørleg bruk av grove valdsskildringar.

At straffeansvaret i straffelova § 382 første ledd vert ståande, inneber at dei aktuelle filmane må hentast frå utlandet. Det vil kunne innebere at det i mange tilfelle kan verte praktisk vanskeleg å skaffe filmane, og det kan verte dyrare enn om ein kunne få filmen frå ein norsk distributør. Det er ein relativ kostnad ein ikkje kan kome unna om ein av dei årsakene det er vist til her, ynskjer å unngå dei farane som er knytte til å legalisere innanlandsk distribusjon av slik film.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Framlegget inneber ei avkriminalisering og vil ikkje få nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet legg til grunn at talet på meldingar til politiet om offentleg framsyning av grove valdsfilmar med heimel i lovendringa, vil verte heller moderat. Mottak og arkivering av meldingar kan difor vanskeleg gje særleg auke i arbeidsmengda for politiet. Departementet legg til grunn at politiets kontroll med slike framsyningars kan skje innafor gjeldande budsjetttramme.

5 Merknader til føresegna

Det nye *andre punktum* i straffelova § 382 fjerde ledd inneber at straffeansvaret ikkje gjeld for offentleg framsyning når fire kumulative vilkår er oppfylt:

1. Framsyninga må ikkje skje i næring.
2. Personar under 18 år må ikkje vere til stades under framsyninga.

3. Framsyninga kan berre finne stad i lokalar der den ansvarlege kan kontrollere at ingen under 18 år er til stades.
4. Det må før framsyning vere sendt melding til det lokale politiet. Ei slik melding skal innehalde informasjon om kor framsyninga vil finne stad, når framsyninga vil finne stad og om kven (ein eller fleire personar) som står ansvarleg for framsyninga.

Unntaket gjeld berre *film* og *videogram*, og ikkje for dataspel og anna som fell innunder forbodet i § 382. Unntaket gjeld for voldsfilmar generelt og ikkje berre for filmar som Statens filmtilsyn har nekta å godkjenne for offentleg framsyning.

Vidare fell berre *framsyning* inn under unntaket; sal, utleige eller annan utbreiing fell utanfor.

Kriteriet i næring har same innhald som det tilsvarande kriteriet i filmlova, jf. mellom anna filmlova §§ 1 og 4. Det vil vere framsyning i næring når verksemda som står bak, har eit økonomisk formål. Det er ikkje avgjerande at verksemda går med overskot. Framsyning av film treng heller ikkje å vere ein vesentleg del av verksemda. Det er tilstrekkeleg at framsyninga skjer i samband med næring.

Vanleg kinoframsyning i regi av kommunale eller private kinematografar vil vere næulingsverksamd, og er difor ikkje omfatta av unntaket. Det same vil normalt òg gjelde framsyningars i forretningar, restaurantar, pubar og barar m.m. Framsyning i samband med undervisning, på politiske møte og liknande vil derimot normalt vere omfatta av unntaket. Også framsyning i regi av filmklubbar fell innunder unntaket såframt klubbane vert drivne ut frå ideelle – og ikkje kommersielle – føremål.

Meldeplikta vil være oppfylt når ei skriftleg melding med den naudsynte informasjonen er motteke av politiet seinast siste vyrkedag før framsyninga skal finne stad. Slik må det vere om politiet skal få ein reell sjanse til å føre tilsyn med at framsyninga er lovleg på det tidspunktet ho faktisk finn stad.

Ein må kunne legge til grunn at politiet hovudsakeleg vil kontrollere i dei tilfella der det ligg føre informasjon i framkant om at framsyninga kan vere ulovlig, t.d. basert på opplysningar om at tidlegare framsyningars på same staden eller med same ansvarleg ikkje var etter boka. At politiet ikkje møter fram for kontroll etter at det er gitt melding, er difor ikkje eit uttrykk for at framsyninga er godkjent eller eit uttrykk for at politiet meiner at framsyninga er lovleg, men berre eit uttrykk for at politiet ikkje har funne grunn til sjå nærmare på saka. Etterfølgjande ansvar kan difor bli gjort gjeldande om det seinare kjem prov for at det vart vist valdsfilm i strid med vilkåra.

Om lov om endring i straffelova (avgrensa rett til offentleg framsyning av grove valdsskildringar utanfor næring)

Den ansvarlege for framsyninga må være ein eller fleire namngjevne personar over 18 år. Den eller dei som er namngjeve, er ansvarlege for å kontrollere at ingen under 18 år er til stades i lokalet når framsyninga finn stad og for at vilkåra elles er oppfylte.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i straffelova (avgrensa rett til offentleg framsyning av grove valdsskildringar utanfor næring).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring i straffelova (avgrensa rett til offentleg framsyning av grove valdsskildringar utanfor næring) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endring i straffelova (avgrensa rett til offentleg framsyning av grove valdsskildringar utanfor næring)

I

I Almindelig borgerlig Straffelov 22. mai 1902 nr. 10 (straffeloven) skal det gjerast følgjande endring:

§ 382 fjerde ledd andre punktum skal lyde:

Paragrafen gjelder heller ikke for framvisning av film og videogram når:

- a) framvisningen skjer utenfor næring,
- b) bare overværes av personer som har fylt 18 år,

- c) skjer i lokaler der den ansvarlige kan kontrollere at ingen under 18 år er til stede, og
- d) det er sendt melding til politiet i det distriktet der visningen skal skje, med opplysning om visningssted, visningstidspunkt og navn på visningsansvarlig person over 18 år.

II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.
